



# VEDTEKTER VESTLAND ARBEIDARPARTI

Sist revidert av årsmøtet 2024

## VEDTEKTER FOR VESTLAND ARBEIDARPARTI

## Innhold

|                                                  |   |
|--------------------------------------------------|---|
| § 1. FØREMÅL .....                               | 2 |
| § 2. ÅRSMØTE .....                               | 2 |
| § 3. REPRESENTANTSKAPET .....                    | 4 |
| § 4. STYRET .....                                | 4 |
| § 5. NOMINASJON TIL STORTINGSVALET .....         | 5 |
| § 6. NOMINASJON TIL FYLKESTINGSVALET .....       | 6 |
| § 7. FYLKESTINGSGRUPPA .....                     | 7 |
| § 8. SAMARBEIDSKOMITEEN OG KVINNENETTVERK. ....  | 8 |
| § 9. RETNINGSLINER FOR REISEREKNINGAR .....      | 8 |
| § 10. KONTINGENTEN .....                         | 8 |
| § 11 – RETNINGSLINJER FOR AKTIVITETSFONDET ..... | 8 |
| § 12 – RETNINGSLINJER FOR PARTISKATT .....       | 9 |
| § 13. REVISJON .....                             | 9 |
| § 14. VEDTEKTER .....                            | 9 |

## VEDTEKTER VESTLAND ARBEIDARPARTI

### § 1. FØREMÅL

1. Vestland Arbeidarparti arbeider etter dei retningslinene som Arbeiderpartiet har trekt opp i program, vedtekter og vedtak.
2. Det skal i samarbeid med partiet sine sentrale organ og dei tilslutta kommunepartia leie og samordne den politiske verksemda og organisasjonsarbeidet i fylket. Fylkespartiet har eit overordna ansvar for arbeidet i kvinnenettverket i eige fylke. Samarbeid med AUF er ein viktig del av fylkespartiet sitt arbeid.

### § 2. ÅRSMØTE

1. Årsmøtet er det høgste politiske organ i Vestland Arbeidarparti. Årsmøtet vert halde innan utgangen av mars kvart år. Ekstraordinært årsmøte vert halde når representantskapet vedtek det, eller når kommuneparti som representerer minst 2/5 av medlemmane krev det. Ekstraordinært fylkesårsmøte vert kunngjort seinast 8 veker før møtet finn stad. Utsendingane til det ekstraordinære årsmøtet skal vere dei same (jfr godkjende fullmakter) som ved siste ordinære årsmøte.
2. Årsmøtet i Vestland Arbeidarparti har 150 representantar, i tillegg skal AUF i Vestland ha 9 representantar. AUF sine delegatar til årsmøtet vert valde av årsmøtet til AUF sitt fylkeslag eller representantskap. Representasjon til fylkespartiet sitt årsmøte skal veljast på medlemsmøte, årsmøte eller representantskapsmøte i kommunepartia, etter innstilling frå partiavdelingane. Representantfullmakt vert laga av kommunepartia sitt styre og skal sendast fylkespartiet innan frist sett av fylkespartiet. Kommunepartia må i størst mogleg grad følge innstillingane frå laga, også AUF sine. Reiseutgifter for utsendingane vert fordelte etter reisefordelingsprinsippet.

**Ingen kommuneparti kan aleine ha meir enn 40 prosent av de stemmeberettiga.**

**Styret deltek på fylkesårsmøtet med tale- og forslagsrett. Det same gjer medlemmer av fylkestingsgruppa der det er bestemt.**

3. Framlegg til årsmøtet må vere styret i hende minst ein månad før møtet. Framlegg ein vil handsame på fylkesårsmøtet må vere vedteke innsendt av ei partiavdeling/lag, eit kommuneparti eller av AUF sitt representantskapsmøte eller årsmøte. Fylkesstyret har framleggsrett til årsmøtet. Styret i fylkespartiet lagar innstilling på alle framlegg til årsmøte.
4. Saklista på årsmøte skal innehalde:
  - a) Godkjenning av fullmakter
  - b) Val av møtefunksjonærar og nemnder
  - c) Årsmeldingar og rekneskap
  - d) Budsjett
  - e) Innkome framlegg
  - f) Vedtektsfesta val

5. Årsmøtet skal velje:

- a) Styret med leiar, to nestleiarar, medlemsansvarleg, leiar av kvinnenettverket, 6 styremedlemmar og 4 varamedlemmar. Funksjonstida til styret er eitt år.
- b) Kontrollnemnd med 3 medlemmar og 2 varamedlemmar.

c) Medlemmar med kvar sin personlege varamedlem til Landsstyret. Leiar og nestleiar skal vere medlemmar av Landsstyret, føresett at begge kjønn vert representerte, varamedlemmar skal veljast mellom styret sine medlemmar.

d) Nominasjonsnemnder til stortingsval og fylkestingsval

e) Utsendingar til Landsmøtet i Arbeiderpartiet

f) Programnemnd til fylkestingsval

g) Valnemnd

6. Styret deltek på fylkesårsmøtet med tale- og framleggsrett.

7. Fullmaktene til årsmøtet må vere fylkespartiet i hende seinast 2 veker før årsmøtet.

8. Ordinært årsmøte vert innkalla med minst 3-tre-månaders varsel

### § 3. REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet er Vestland Arbeidarparti sitt høgste organ mellom årsmøta.

2. Innkalling skal sendast med minst 14 dagars varsel.

3. Representantskapet er samansett av styret i fylkespartiet, AUF og kommunepartia sine valde representantar etter følgjande:

a) Representantskapet har 100 representantar. I tillegg skal AUF i Vestland ha 9 representantar. AUF sine representantar vert valde av representantskapsmøte eller årsmøte i AUF. Alle kommuneparti har rett til minst ein utsending til representantskapet

b) For dei kommunepartia som har meir enn ein representant, skal begge kjønn vere representerte med 50 prosent.

c) Kommunepartia skal velje tilstrekkeleg med varamedlemmar.

d) Fylkestingsgruppa har møte- og talerett. Ved handsaming av fylkeskommunale saker har gruppa stemmerett.

e) **Ingen kan aleine ha meir enn 40 prosent av dei stemmeberettiga.**

4. Styret i Vestland Arbeidarparti møter med tale-, framleggs- og stemmerett.

5. Sogn og Fjordane og Hordaland Arbeidarparti sine stortingsrepresentantar møter med tale- og framleggsrett.

6. Representantskapet handsamar dei politiske og organisatoriske sakene som styret legg fram.

7. Representantskapet kan vedta å søke råd i viktige politiske og organisatoriske saker i form av ei rådgjevande avstemming blant partiet sine medlemmar.

8. Representantane sine reiseutgifter vert dekkja av kommunepartia.

### § 4. STYRET

1. Vestland Arbeidarparti vert leia av eit styre på 11-elleve- medlemmar. Årsmøtet vel 11 medlemmar og 4 varamedlemmar. Det er leiar, to nestleiarar, leiar av kvinnenettverket, studieleiar, seks styremedlemmar og fire varamedlemmar. I tillegg møter AUF i Vestland med fulle rettar, fortrinnsvis leiar.

2. Arbeidsutvalet skal være samansett slik:

Leiar og to nestleiarar og ein styremedlem.

Arbeidsutvalet skal vere eit saksførebuarde organ for styret.

Arbeidsutvalet står for den daglege drifta av fylkespartiet. Arbeidsutvalet avgjer alle administrative spørsmål, og syter for at vedtak som er fatta i partiet sine ansvarlege organ, vert gjennomførte.

Viktige politiske og organisatoriske saker skal handsamast av styret. Må arbeidsutvalet ta avgjer i slike saker grunna tidsnød, skal saka leggjast fram for styret på første møte. Dei tilsette partisekretærane skal førebu sakene til arbeidsutvalet og styret, og møter med tale- og framleggsrett.

3. Styret peikar ut ein medlem til å tiltre fylkesstyret i AUF i Vestland.

4. Styret oppnemner etter framlegg frå kommunepartia ei styringsgruppe for kvinnenettverket til Vestland Arbeidarparti

5. Dei som tiltre med møte-, tale- og framleggsrett:

Stortingsrepresentantane i Sogn og Fjordane/Hordaland AP ,Vestland Ap når det vert felles val, sentralstyremedlemmar, fylkesordførar når Arbeidarpartiet har dette vervet, gruppeleiar i fylkestingsgruppa, distriktssekretær i LO, føresett at vedkomande er medlem i Arbeiderpartiet, og fylkessekretær i AUF i Vestland.

## § 5. NOMINASJON TIL STORTINGSVALET

1. Reglane om nominasjon etter §5 vert gjeldande etter Vestland er eit valdistrikt til stortingsval.

2. Sentralstyret set tidsfristane for nominasjonsprosessen til stortingsvalet.

3. Årsmøtet i Vestland Arbeidarparti vel ei nominasjonsnemnd på 9 medlemmar, der ein medlem skal vere frå AUF i Vestland. Alle skal ha personlege varamedlemmar. AUF kjem sjølv med framlegg på sin kandidat med personleg vara.

4. Innan ein fastsett frist vert alle partiavdelingar, kommuneparti og AUF i Vestland oppmoda om å fremje framlegg til nominasjonsnemnda på kandidatar.

5. Nominasjonsnemnda sitt framlegg skal sendast kommunepartia og AUF sitt fylkeslag.

6. Kommunepartia og AUF i Vestland skal innan gitt frist sende sine endringsframlegg til nominasjonsnemnda.

7. Listeframlegget frå nominasjonsnemnda, med eventuelle dissensar, er offentleg. Det same er svara frå kommunepartia og AUF i Vestland

8. Nominasjonsmøtet vert gjennomført som sjølvstendig møte. Nominasjonsmøtet i Vestland Arbeidarparti er sett saman av 150 representantar, i tillegg til 9 representantar valde av AUF i Vestland. Alle kommuneparti har rett på minst 1-ein utsending til nominasjonsmøtet. For dei

kommunepartia som har meir enn ein representant, skal begge kjønn vera representerte med 50 prosent. Leiaren i nominasjonsnemnda har talerett på nominasjonsmøtet.

9. Utsendingane til nominasjonsmøtet vert valde etter at det endelege listeframlegget frå nominasjonsnemnda er lagt fram for kommunepartia. Utsendingane vert valde av årsmøtet eller medlems-/representantskapsmøtet i kommunepartia. Kommunepartia og AUF i Vestland må sende inn fullmakter til fylkespartiet sitt styre innan fastsett frist for sine utsendingar med vararepresentantar til nominasjonsmøtet.

Reiseutgiftene for utsendingane vert fordelte etter reisefordelingsprinsippet.

10. Rådgjevande avstemming over kandidatar kan haldast etter retningslinjer fastsett av fylkesstyret, før nominasjonskomiteen legg fram sitt første nummererte listeframlegg.

## § 6. NOMINASJON TIL FYLKESTINGSVALET

1. Fylkesstyret set tidsfristane for nominasjonsprosessen til fylkestingsvalet.

2. Årsmøtet i Vestland Arbeidarparti vel ei nominasjonsnemnd på 9 medlemmar, der ein medlem skal vere frå AUF i Vestland. Alle skal ha personlege varamedlemmar. AUF i Vestland kjem sjølv med framlegg på sin kandidat med personleg vara.

3. Innan ein fastsett frist vert alle partiavdelingar, kommuneparti og AUF oppmoda om å fremje framlegg til nominasjonsnemnda på kandidatar.

4. Nominasjonsnemnda sitt framlegg skal sendast kommunepartia og AUF i Vestland sitt fylkeslag. Lista skal omfatte framlegg på fylkesordførar, fylkesvaraordførar og fylkesrådsleiar der ein har parlamentarisk styre.

5. Kommunepartia og AUF skal innan gitt frist sende eventuelle endringsframlegg til nominasjonsnemnda.

6. Listeframlegget frå nominasjonsnemnda, med eventuelle dissensar, er offentleg. Det same er svara frå kommunepartia.

7. Nominasjonsmøtet vert gjennomført som sjølvstendig møte. Nominasjonsmøtet i Vestland Arbeidarparti har 150 representantar, i tillegg til 9 representantar valde av AUF i Vestland. Alle kommuneparti har rett på minst 1-ein utsending til nominasjonsmøtet. For dei kommunepartia som har meir enn ein representant skal begge kjønn vera representerte med 50 prosent. Leiaren i nominasjonsnemnda har talerett på nominasjonsmøtet.

8. Utsendingane til nominasjonsmøtet vert valde etter at det endelege listeframlegget frå nominasjonsnemnda er lagt fram for kommunepartia. Utsendingane vert valde av årsmøtet eller medlems-/representantskapsmøte i kommunepartia. Kommunepartia og AUF i Vestland skal sende inn fullmakter **til fylkespartiet** innan fastsett frist for sine utsendingar med vararepresentantar til nominasjonsmøtet.

Reiseutgiftene for utsendingane vert fordelte etter reisefordelingsprinsippet.

9. Rådgjevande avstemming over kandidatar kan haldast etter retningslinjer fastsett av fylkesstyret, før nominasjonskomiteen legg fram sitt første nummererte listeframlegg.

10. Fylkespartiet kan ha nominasjon av fylkesordførarkandidat, fylkesvaraordførarkandidat og fylkesrådsleiarkandidat (i dei tilfelle der det er parlamentarisk styre) før resten av lista vert nominert. Fylkespartiet skal då ha fastsett det som ein del av nominasjonsprosessen. Førehandsnominasjon skal gjerast av representantskapet. Nominasjonskomiteen si innstilling til desse plassane må gjerast kjent før møtet. Nominasjon av desse plassane er å sjå som endeleg og kan ikkje takast opp att på nominasjonsmøtet, der nominasjon av dei andre plassane på lista skal gjerast.

11. Partiet sitt fylkesvalsprogram må slutthandsamast før nominasjon finn stad. Ved førehandsnominasjon av fylkesordførarkandidat, fylkesvaraordførarkandidat og fylkesrådsleiarkandidat (i dei tilfelle der det er parlamentarisk styre) **kreves det ikkje at** fylkesvalsprogrammet slutthandsamast før desse er nominerte.

12. Nominasjonsmøtet nominerer først partiet sine kandidatar til fylkesordførar, fylkesvaraordførar og fylkesrådsleiarkandidat (i dei tilfelle der det er parlamentarisk styre i fylkeskommunen).

## § 7. FYLKESTINGSGRUPPA

1. Styret i fylkespartiet skal etter fylkestingsvalet kalle inn partiet sine representantar i det nye fylkestinget til fellesmøte med partistyret for å konstituere fylkestingsgruppa. Fellesmøtet peikar ut sine kandidatar til fylkesutval, hovudutval og andre viktige styre, råd og utval. Andre val vert gjort av gruppemøtet.

2. Styret i fylkespartiet gir fullmakt til ein forhandlingsdelegasjon som på vegne av fylkespartiet skal forhandle fram posisjonar i forkant før ein konstituerer fylkestinget. Fullmakta skal gje rammer og strategi for forhandlingane. Fylkesordførarkandidaten skal vere med i forhandlingsdelegasjonen. Forhandlingsdelegasjonen skal legge fram tilråding til styret.

3. Leiar av fylkespartiet, AUF i Vestland sin representant i styret og inntil to andre styremedlemmar utpeika av partistyret, tiltrer fylkestingsgruppa med tale-, framleggs- og stemmerett. Fylkessekretærane har møterett med tale- og framleggsrett.

4. Styret i fylkespartiet peikar ut **den** som skal tiltre fylkesutvalsgruppa med tale-, framleggs- og stemmerett.

5. Alle viktige saker som skal opp i fylkestinget, skal drøftast i fylkestingsgruppa. Det skal førast protokoll frå møta. Fylkestingsgruppa skal legge fram årsmelding for fylkespartiet.

6. Vedtak i fylkestingsgruppa, representantskapet og årsmøtet er bindande når saka kjem til fylkestinget, dersom ikkje nokon av desse gjer vedtak om noko anna. Den som er inhabil i ei sak som skal til kommunestyre eller fylkesting på grunn av personlege og/eller familiære interesser, er også inhabil når partiet handsamar saka.

7. Fylkespartiet sitt styre skal i samarbeid med fylkestingsgruppa sørge for god kontakt med partiet sine utval på alle plan.

8. Fylkeskommunale saker skal handsamast i fylkespartiet sine vedtaksføre organ når styret i fylkestingsgruppa ber om det, når eit fleirtal i fylkestingsgruppa krev det, og når fylkespartiet sitt styre gjer vedtak om det. Fylkeskommunale saker skal handsamast i fylkespartiet sitt representantskap når styret i fylkestingsgruppa ber om det, og når partistyret eller representantskapet bestemmer det.

9. Partirepresentantane i fylkesutvalet og andre fylkeskommunale utval skal danne grupper. Desse gruppene skal organiserast og arbeide etter dei same reglane som er dregne opp for fylkestingsgruppa.

## § 8. SAMARBEIDSKOMITEEN OG KVINNETTVERK.

1. Samarbeidskomiteen vert valt av styret og har oppgåver i samsvar med eigne retningslinjer for dette utvalet.

2. Årsmøtet skal velje ein medlem i fylkespartiet sitt styre med ansvar for å leie kvinnenettverket i Vestland Arbeidarparti. Styret i Vestland Arbeidarparti oppnemner, etter framlegg frå kommunepartia, ei styringsgruppe for det fylkesvise kvinnenettverket. Styringsgruppa arbeider etter retningslinjer i dei sentrale vedtektene.

## § 9. RETNINGSLINER FOR REISEREKNINGAR

1. Den som reiser i oppdrag frå partistyret som tillitsvalt i Vestland Arbeiderparti har rett på å få dekkja utgifter til kollektivtransport eller kilometergodtgjersle om ein nyttar eigen bil. Kilometergodtgjersle følgjer til ein kvar tid AOF sine satsar.

2. Reiserekningar må sendast inn seinast ein månad etter at reisa har funne stad for å bli utbetalt. Reisefordeling må sendast inn seinast 1 veke etter at møtet fann stad. Dei som ikkje leverer skjema for reisefordeling vil reiseutgiftene bli satt til kr 0.

## § 10. KONTINGENTEN

Fylkespartia sin del av kontingenten vert fastsett av landsmøtet.

## § 11 – RETNINGSLINJER FOR AKTIVITETSFONDET

Kommunepartia i Vestland og AUF i Vestland kan søke økonomisk støtte fra Aktivitesfondet i Vestland Arbeiderparti.

Styret vedtar hvert år i budsjettbehandlingen, hvor mye penger som skal overføres til Aktivitetsfondet.

Søknad sendes til partikontoret, i forkant av arrangementet.

Styret har valgt å legge følgende føringer til grunn når det gjelder behandlingen av søknader:

1. Det skal ligge ved budsjett for aktiviteten når en søker.
2. Det utbetales maksimalt 8.000 kroner for en aktivitet/et arrangement.
3. Aktiviteten skal i størst mulig grad være utadrettet, og synliggjøre Arbeiderpartiet i kommunen. Søknader om verveaktiviteter vil bli prioritert.

4. Pengene utbetales etter at aktiviteten er avholdt, og regnskap med kopi av bilag er sendt partikontoret.

AU har fullmakt til å behandle søknader ved behov.

## § 12 – RETNINGSLINJER FOR PARTISKATT

(Vestland Arbeidarparti viderefører avtalen om partiskatt, fra Hordaland Arbeiderparti.)

1. Medlemmer i Fylkesutvalget og utvalgsledere betaler kr. 10 000,- i året.

2. Fylkestingsmedlemmene betaler kr. 4 000,- i året.

3. Varamedlemmer som møter i fylkestinget, komiteer og andre råd og utvalg der det blir betalt møtehonorar betaler 15% av møtehonoraret. I andre styrer, utvalg m.v. der representanter er oppnevnt av fylkeskommunale organ betaler partiet sine medlemmer 15% partiskatt av den utbetalte godtgjørelsen.

4. Stortingsrepresentantene betaler mellomlegget mellom kr. 10 000,- som er taket for partiskatt, og det beløpet som betales til stortingsgruppen – pr. 2019 innbetales kr. 4 000,- til Vestland Arbeidarparti.

5. Oversikten over innbetalt partiskatt oversendes AU hvert kvartal.

## § 13. REVISJON

Til å utføre revisjonsarbeidet engasjerer styret ein registrert revisor eller eit revisjonsselskap av registrerte revisorar. Årsmøtet vel ein kontrollkomitè på tre medlemmar med to varamedlemmar som har som oppgåve å kontrollere om dei økonomiske disposisjonane er gjort i samsvar med gjeldande vedtekter og vedtak. Kontrollkomiteen skal gje melding til årsmøtet om sitt arbeid.

## § 14. VEDTEKTER

Vedtekter for Vestland Arbeiderparti vert vedtekne av årsmøtet. Dei skal byggje på Arbeidarpartiet sine vedtekter og retningslinjer og dei må ikkje stå i strid med desse. For å være gyldige må vedtektene godkjennast av partiet sitt sentralstyre. Vert fylkespartiet oppløyst, tilfell alle fylkespartiet sine eigendelar Arbeiderpartiet.